Hjartdal kommune

Arkivsaksnummer:2025/133-4
Saksbehandlar: Janne Væringstad

SAKSFRAMLEGG

Forslag til lokal forskrift om utvida bandtvang Hjartdal kommune - høyringsutkast

Utvalssak	Utval	Møtedato
9/2026	Utval for plan og utvikling	15.04.2026
29/2026	Kommunestyret	22.04.2026

PS 29/2026 **Forslag til lokal forskrift om utvida bandtvang Hjartdal kommune - høyringsutkast**

Vedtak i Kommunestyret - 22.04.2026:

Hjartdal kommune vedtek å leggja forslag til lokal forskrift om utvida bandtvang i Hjartdal kommune ut på offentleg høyring i samsvar med forvaltningslova § 37. Høyringa settast til minimum 6 veker.

POU støtter kommunedirektørens forslag til vedtak og ønsker at det i den lokale forskrifta legges til rette for rask saksbehandling med hensyn til ekstraordinær båndtvang for å hengne om hjortevilt grunna naturhendingar som store snømengder mm. POU meiner også at forskrifta må omfatte heile kommunen, inkludert institusjonar som skular og barnehagar mm.

Behandling i Kommunestyret - 22.04.2026 :

Saka blei presentera.

Votering: Einstemmig vedtatt som utval for plan og utvikling si innstilling

PS 9/2026 Forslag til lokal forskrift om utvida bandtvang Hjartdal kommune - høyringsutkast

Vedtak i Utval for plan og utvikling - 15.04.2026:

Hjartdal kommune vedtek å leggja forslag til lokal forskrift om utvida bandtvang i Hjartdal kommune ut på offentleg høyring i samsvar med forvaltningslova § 37.
Høyringa settast til minimum 6 veker.
POU støtter kommunedirektørens forslag til vedtak og ønsker at det i den lokale forskrifta legges til rette for rask saksbehandling med hensyn til ekstraordinær båndtvang for å hengne om hjortevilt grunna naturhendingar som store snømengder mm.
POU meiner også at forskrifta må omfatte heile kommunen, inkludert institusjonar som skular og barnehagar mm.

Behandling i Utval for plan og utvikling - 15.04.2026 :

Olav Langåsdalen (Sp) sette fram følgjande tilleggsforslag:
POU støtter kommunedirektørens forslag til vedtak og ønsker at det i den lokale forskrifta legges til rette for rask saksbehandling med hensyn til ekstraordinær båndtvang for å hengne om hjortevilt grunna naturhendingar som store snømengder mm.
POU meiner også at forskrifta må omfatte heile kommunen, inkludert institusjonar som skular og barnehagar mm.

Votering:
Kommunedirektøren sitt forslag vart sett opp mot kommunedirektøren sitt forslag med tilleggsforslag frå Olav Langåsdalen.

Einstemmig for kommunedirektøren sitt forslag, med tilleggsforslag frå Olav Langåsdalen.

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

Hjartdal kommune vedtek å leggja forslag til lokal forskrift om utvida bandtvang i Hjartdal kommune ut på offentleg høyring i samsvar med forvaltningslova § 37.

Høyringa settast til minimum 6 veker.

Samandrag

Hjartdal og Notodden Bonde og Småbrukarlag / Aust-Telemark Sau og Geit har i brev av 31.1.2025 der dei ber kommunen om å innføre lokal forskrift om utvida bandtvang på linje med Vinje kommune « *Om bandtvang §2 i denne forskrifta står det: Hundar skal haldast i band og under forsvarleg oppsyn: a) I maskinpreparerte skiløyper heile vintersesongen b) I utmark der bufe beiter til 10. oktober c) På inngjerda mark der bufe beiter fram til 1. november. Unnatak er dei høve som er nemnde i hundelova §9 Unnatak frå sikringsregelen*.»

Grunngjevinga i brevet av 31.1.2025 er at det de siste år har blitt meldt frå saueeigarar om uønskte tap og situasjonar kor sau har blitt spreidd til andre områder og lam som er komme vekk frå sine mødre, i beitesesongen i Hjartdal. Fleire bønder har strevd med å finne igjen dyr som er sendt til fjells.

Kommunen har fått få eller ingen klagar på dagens ordinære bandtvang til 20. august. Kommunedirektøren ser likevel at det kan være enkeltområde der småfe beitar i utmark og friluftsliv med hund kan være i konflikt. Husdyr beiter ofte langt ut i september i utmark, og det er ein periode der turfolk brukar tid i same området.

Kommunedirektøren foreslår i saka her å sende forslag til utvida bandtvang på høyring, mellom anna for å få innspel om behovet, før endeleg handsaming. Om kommunestyret finn at det ikkje er trong for innføring av utvida bandtvang, kan kommunestyret velje å ikkje sende forslaget til forskrift ut på høyring.

Saksopplysningar

Bakgrunn for saka

Hundehold blir regulert av lov 4. juli 2003 nr. 74 om hundehald (hundelova). Lova fastset som hovudregel generell bandtvang i perioden 1. april til og med 20. august, jf. § 6 første ledd.

Hundelova gir samtidig kommunane tilgang til å fastsetja lokale forskrifter om bandtvang når lokale forhold tilseier det, jf. § 6 andre ledd. Formålet med slike forskrifter er mellom anna å:

- verna husdyr på beite,
- vareta vilt og biologisk mangfald,
- redusera konfliktar mellom hundehald, landbruk og friluftsliv.

I Hjartdal kommune går husdyr, særleg sauer, på utmarksbeite utover perioden 20. august, og det er samtidig betydeleg bruk av utmarka til friluftsliv og rekreasjon. Kommunen har fått førespurnader frå Hjartdal og Notodden Bonde og Småbrukarlag som etterspør tydelegare regulering av bandtvang etter den nasjonal bandtvangsperioden.

På denne bakgrunnen blir det no vurdert om Hjartdal kommune bør fastsetja ei lokal forskrift om utvida bandtvang av omsyn til husdyr på beite.

Rettsleg grunnlag

Hundelova Lov om forsvarlig hundehold (hundeloven) - Lovdata

Relevante føresegner i hundelova er:

§ 1 – formålet med lova

§ 3 – generelt aktsemdskrav

§ 6 andre ledd bokstav e – tilgangen kommunen har til å fastsetja bandtvang «i heile eller delar av kommunen i bestemt angitt tidsrom når storfe, sau, geit eller hest normalt går ute»

§ 9 – unntak frå bandtvang for særskilde bruksformål

Etter § 6 tredje ledd kan bandtvang berre innførast i dei områda der husdyr faktisk beitar, og forskrifta må ikkje vera meir omfattande enn nødvendig.

Forvaltningslova

Fastsetting av lokal forskrift er underlagt reglane i forvaltningslova kapittel VII, under dette krav om offentleg høyring (§ 37).

Vurdering

Behovet for lokal forskrift

Hjartdal kommune har store utmarksområde med aktiv beitebruk utover den nasjonale bandtvangperioden. Sjølv om hundelova stiller krav om aktsemd heile året, viser erfaringar at det i praksis kan oppstå konfliktar og uønskte hendingar når hundar går lause i beiteområde etter 20. august.

I tillegg til målet vern om bufe, foreslår kommunedirektøren å innføre bandtvang i maskinpreparerte skiløyper i vintersesongen. Det for å redusere konflikt mellom laushund og friluftsliv.

Ei lokal forskrift vil:

- gjera regelverket meir føreseieleg for hundeeigarar,
- styrke vernet av beitedyr,
- redusera konfliktnivået mellom ulike interesser i utmarka.

Avgrensing i tid og rom

Forslaget til forskrift legg opp til:

- tidsavgrensing utover 20. august, knytt til ordinær beitesesong, til 1. oktober

- geografisk avgrensing til område der husdyr faktisk beitar,
- bandtvang i maskinpreparerte skiløyper i vintersesongen,
- vidareføring av lovfesta unntak for tenestehundar, bufehundar, osb.

Forskrifta blir ikkje foreslått å vera ein heilårig, generell bandtvang, men eit målretta tiltak tilpassa lokale forhold i tråd med rammene til hundelova.

Nokre kommunar har innført utvida bandtvang som også gjeld i skulegardar og barnehagar. Kommunedirektøren har ikkje funne at det er naudsynt i Hjartdal kommune. Det er likevel eit punkt som kan takast inn i forskrifta om kommunestyret ynskjer det.

Forholdet til friluftsliv

Ved vurderinga er det lagt vekt på å balansera omsynet til beitebruk mot omsynet til friluftsliv og hundars behov for mosjon og naturleg åtferd.

Høyring

Dersom kommunestyret ynskjer å innføre lokal forskrift om utvida bandtvang må forslaget først bli sendt på offentleg høyring til mellom anna:

- beitelag og landbruksorganisasjonar,
- grunneigarlag,
- eventuelle lokale hundeklubbar,
- friluftsorganisasjonar,
- Myndigheiter som Statsforvaltaren og fylkeskommunen.

Innspel frå høyringa vil bli vurdert før saka blir fremja for endeleg politisk sluttbehandling.

Alternativ løysing:

Om kommunestyret finn at det ikkje er trong for innføring av lokal forskrift om utvida bandtvang, kan kommunestyret velje å *ikkje* sende forslaget til forskrift ut på høyring.

Konklusjon

Kommunedirektøren si førebelse vurdering er at Hjartdal kommune har eit sakleg og lovmessig grunnlag for å foreslå lokal forskrift om utvida bandtvang av omsyn til husdyr på beite. Høyring må gjennomførast før eit eventuelt endeleg vedtak om fastsetting av lokal forskrift.

Vedlegg:

1 Utvida båndtvang.pdf

2 Forskrift om bandtvang i Hjartdal kommune - høyringsutkast - april 2026